



# DEN NORSKE KYRKJA

## Kyrkjebø sokneråd

### Møtebok for Kyrkjebø Sokneråd

Møte i Kyrkjebø Sokneråd tysdag 30.01.2018 kl 19.00 i Kyrkjelydshuset.

#### Desse møtte:

Audun Digranes, Irene Aase Aarseth, Anne Lise Ljotebø, Borgny Birkeland, Jarle Berge, Runar Matsui-Li, og Sturla Bell Fossen.

#### Desse hadde meldt forfall:

Stine Iren Røyseth, Leif Arne Fureli, Lisbeth Haugsbø og Erlend Andre Høyvik Haugsbø.

#### Kopi av møteboka går til:

Reidar Knapstad, Petter Sortland, Arve Varden, Toril Lange, Karin Grodås, postmottak Høyanger kommune.

**Sakliste:** Godkjenning av innkalling og referat fra sist møte.

Meldingssakene 5 og 3 vart handsama fyrst, sidan styreleiar i stiftinga Kyrkjebø kyrkjelydshus Finn Trædal var til stades og skulle orientere om sak 5. Han er også med i jubileumsnemnda.

#### Meldingssaker:

##### **000005 Kyrkjelydshuset.**

Styreleiaren orienterte om stiftinga, som vart oppretta i 1989.

Føremålet med stiftinga, nemleg å ha eit kyrkjelydshus har delvis smuldra bort, idet aktiviteten i huset er sterkt redusert dei seinare åra. Samstundes krev huset meir vedlikehald for å vere attraktivt leigeobjekt. Pr. i dag er det utleige av to husvære, og leigeinntektene har til no dekkja driftsutgiftene. Det er likevel ikkje rom for vedlikehald eller oppbygging av reservar til påkostningar, og ein tærer på eigenkapitalen i stiftinga. Ei større renovering av 2. etg. i 2011/2012 vart dyrare enn forventa, og lånegjelda i etterkant er tyngjande. Styreleiar varslar at styret i stiftinga vil kunne gå inn for at huset vert selt, og at stiftinga vert avvikla. Dette vil av formelle grunnar ta tid, men prosessen bør kome i gang no.

Styreleiar ber soknerådet kome med utspel og evt. innvendingar til eit slikt initiativ.

Uttale om stiftinga vert å handsame som ny vedtakssak nr. 009 seinare i møtet.

##### **000003 Kyrkjejubileum 2019.**

I sakstilfanget låg jubileumsnemnda sine referat, og eit framlegg til søknad om økonomisk stønad. Soknerådet meiner nemnda har gode planar. Økonomidelen i saka er todelt, og vert å handtere i nye vedtakssaker nr 007 og 008 seinare i møtet.

##### **000001 Kyrkjeleg årsstatistikk 2017.**

Leiaren gjekk gjennom tala i statistikken og spørsmål og kommentarar vart oppklara etterkvart. Ein merknad for seinare lokal statistikk: for kyrkjelyden sitt arbeid er det meir interessant å vite kor mange % av det aktuelle årskullet som vel konfirmasjon i kyrkja, enn å operere med auke/nedgang i tal konfirmantar i høve til året før.

**000002      **Rekneskapsrapport.****

Rekneskapsrapporten vert teken til vitring slik den førelåg.

**000004      **Fasteaksjonen 2018.****

Aksjonen vert tidfesta til måndag 19.03. Opplegget elles vert å fastsetje på neste soknerådsmøte.

**000006      **Soknerådet si høyringsuttale om ny kyrkjelov.****

Ei nemnd fekk 28.11.17 i oppdrag å utforme uttalen. Uttalen er å finne på departementet sine nettsider. Ynskjer nokon ei papirutgåve kan dei kontakte skrivaren eller kyrkjekontoret.

**000007      **Komande saker for fellesråd – sokneråd.****

Soknerådsleiaren orienterte om av det vil kome ei sak som pålegg utforming av varslingsrutinar.

**000008      **Referat frå møte i kyrkjemusikkutvalet.** Sjø denne som sakstilfang til vedtakssak: 006/18 !**

**VEDTAKSSAKER:**

**Sak 001/18: Årsmelding 2017.**

Soknerådsleiaren sitt framlegg til årsmelding vart gjennomgått, kommentert og korrigert på nokre punkt.

**VEDTAK:** Årsmeldinga vert tilrådd godkjent av årsmøtet med desse korrigeringane.

**Sak 002/18: Planlegging av årsmøtet 2018.**

**VEDTAK:**

Digranes og Birkeland har ansvar for det praktiske kring møtet.

Soknerådsleiaren orienterer på årsmøtet om dei sakene som skal leggjast fram, og styrer ordskiftet om desse.

**Sak 003/18: Tildeling av offer 1. halvår 2018.**

Saka var utsett til dette møtet, der skrivaren var oppmoda om å innleie til ei drøfting av prinsipiell art. Som innspel elles vart det føreståande kyrkjebilèumet og dermed forventa meirkostnadar drøfta.

**VEDTAK:**

Prinsippa for offertildeling skal drøftast med jamne mellomrom, og i alle fall etter kvart nytt soknerådsvil. Offera i 2018 skal gå til Kirkens Nødhjelp julaftan, og elles til eige arbeid.

**Sak 004/18: Dugnad på kyrkjegardane 2018.**

**VEDTAK:**

Dugnad på kyrkjegardane både på Kyrkjebø og Vadheim vert fastsett til tysdag 24.april.

**Sak 005/18: Dato for medarbeidarfest 2018.**

**VEDTAK:**

Medarbeidarfest vert å arrangere torsdag 19.04. på stad og med innhald, som vert sak på neste møte.

**Sak 006/18: Felles kyrkjemusikkplan i Høyanger.**

**VEDTAK:**

Soknerådsleiaren har fullmakt til å lage eit utkast til plan, som vert sak på eit seinare møte.

**Sak 007/18: Løyving til jubileumsskrift – sjå meldingssak nr: 000003 !**

**VEDTAK:**

Soknerådet løyver kr: 1.000,- til jubileumsnemnda for oppstart av arbeidet med jubileumsskriftet.

**Sak 008/18: Søknad om økonomisk stønad til kyrkjejubileet – sjå meldingssak nr: 000003 !**

**VEDTAK:**

Soknerådsleiaren arbeider vidare med søknaden om økonomisk stønad til jubileet.

**Sak 009/18: Uttale om stiftinga Kyrkjebø kyrkjelydshus – sjå meldingssak nr: 000005 !**

Med bakgrunn i Finn Trædal si orientering om stoda i stiftinga vedtek Kyrkjebø sokneråd slik uttale:

**VEDTAK:**

Soknerådet har tiltru til styret i stiftinga sine vurderingar omkring framtidig drift og disposisjonar, og sluttar seg til desse.

**Møtet slutt ca: 21.45.**

Sturla Bell Fossen  
- skrivar -